

EMNEPLAN – del 1

* Inngår i studieprogram

Bachelorstudium i utøvande folkedans

* Emnenavn (bokmål)

Tradisjon, bevegelse og musikkanalyse

* Emnenavn (nynorsk)

Tradisjon, rørsle og musikkanalyse

* Emnenavn (engelsk)

Tradition, movement and music analysis

* Emnekode (FS)

FD1T2

* Emnenivå

Bachelor, 2. termin

* Emnets omfang og organisering

- 15 studiepoeng
- 2. semester
- Undervisningsspråk: norsk
- Organisering av emnet: Undervisning på campus Rauland

EMNEPLAN – del 2

* Faglig innhold i emnet

Emnet er praktisk-teoretisk, og består av tre fagområder, der Historie og tradisjon utgjør hovuddelen av emnet. Gjennom arbeid med ei hovuddansoppgåve kjem studenten til å jobbe med alle tre fagområda.

Historie og tradisjon

Med bakgrunn frå Tradisjonskunnskap basis, får studentane her ei grundigare innføring i typane/ sjangrane og dei ulike tradisjonsområda innan danse- og musikktradisjonar i Norge. Emnet inneheld også arbeid med europeisk historie med fokus på dansehistorie og folkedansen sin plass i samfunnet i fortid og notid, samt diskusjonar og drøftingar kring identitet, dans som eigen kunstart og dansen sin funksjon i eit kulturelt perspektiv.

Teori og analyse

Inneheld ei grunnleggjande innføring i den norske etnokoreologiens sitt notasjons- og analysesystem for tradisjonsdans, med hovudvekt på svikt- og motivanalyse, samt grunnleggjande musikkteori og musikkanalyse. Relevante digitale plattformer for analyse av dans blir presentert.

Metode og kjeldekritikk

Emnet inneheld ei innføring i ulike feltarbeidsteknikkar, metode, intervju, observasjon, kjeldekritikk m.m.

* Læringsutbytte

Kunnskap

Studenten skal ha tileigna seg kunnskap om:

- danse- og musikktradisjonar i Norge; sjangrar, typar, omgrep, regionale særtrekk
- europeisk historie med fokus på dansehistorie
- folkedansen sin plass i samfunnet i fortid og notid
- dans som eigen kunstart og dansen sin funksjon i eit kulturelt perspektiv
- den norske etnokoreologien sitt notasjon- og analysesystem for tradisjonsdans, med hovudvekt på svikt- og motivanalyse
- grunnleggjande musikkteori og musikkanalyse
- relevante digitale plattformer for analyse av dans

Ferdigheit

Studenten kan:

- utøve og gjere greie for (munnleg, praktisk og skriftleg) sentrale dansetypar i det folkelege, norske repertoaret av samværsdans med tanke på sjangrar og regionale variantar
- identifisere og forklare dei ulike karaktertrekka for typane og sjangrane i norsk folkemusikk
- praktisere enkel skriftleg transkripsjon av dans gjennom svikt- og motivanalyse av dans
- praktisere grunnleggjande feltarbeidsteknikkar
- sjå, observere og diskutere dans, både i opptak og direkte, og ha eit reflektert forhold til metode og kjeldekritikk

Generell kompetanse

Studenten kan:

- skrive ei kortfatta fagleg oppgåve
- arbeide målretta, sjølvstendig og i samarbeid med andre
- arbeide analytisk og reflektere kroppsleg og teoretisk over faglege problemstillingar

- evne å justere eiga fagleg utvikling under rettleiing
- sjå og forstå samanhengar og tenkje heilskapleg
- nytte relevante og aktuelle digitale ressursar og verktøy i arbeidet

* Læringsaktiviteter

Praktisk og teoretisk kunnskap er gjensidig avhengige av kvarandre. Begge perspektiva vil vera integrert i emnet, og det blir lagt vekt på at studentane skal kunne formidle og reflektere over praktiske arbeidsmoment både munnleg og skriftleg. Undervisninga vil bli gjeve som praktisk gruppeundervisning i dans og musikk, workshop med gjestelærarar, førelesingar, diskusjonar, observasjon, gruppeoppgåver og teoretiske og praktiske heimeoppgåver. Ein er i stor grad avhengig av aktiv deltaking frå studentane si side. Studentane vil bli organisert i ulike kollokviegrupper.

I løpet av 1.-6. semester vil studentane også få innblikk i relevant og pågåande forskning ved instituttet og relevante fagmiljø. I det kunstnariske utviklingsarbeidet vil det bli nytta eksterne gjestelærarar i tillegg til lærarressursane på studiestaden.

* Deltagelse/Obligatoriske arbeidskrav

Obligatorisk deltaking i 80% av undervisninga. For å få gå opp til eksamen må studenten:

- delta på obligatoriske workshop
- delta på obligatorisk gruppearbeid og framlegging (vurdert til godkjent / ikkje godkjent)
- fullføre teoretiske og praktiske heimeoppgåver som blir gjeve (vurdert til godkjent / ikkje godkjent)

* Vurderingsformer

Eksamen i emnet vert i form av ein individuell skriftleg eksamen med tilsyn som tel 50% og ei hovuddansoppgåve som tel 50% der munnleg presentasjon vert karakterjusterande. Eksamen blir vurdert med karakterar gradert frå A til F, der A er best og E er lågaste ståkarakter.

* Hjelpemidler til eksamen

Ingen på den skriftlege individuelle eksamen

Annet

Med atterhald om mindre endringar i emneplana.

* Litteratur

Bakka, Egil: Stegmønstra i springaren på sør - Vestlandet. Arne Bjørndals hundreårsminne. Bergen 1985. (Artikkel)

Bakka, Biskop (red.): Norden i Dans: Folk, fag, forskning. Novus 2007 (Utval)

Bakka, Aksdal, Flem: Variasjon i dialekt og alder i springar og pols. Rff-sentret 1992

Bakka, Egil: Noen linjer i den nordiske folkedansbevegelsens historie i Norden. NFF Folkedansforskning i Norden, 33. 2010 (Artikkel)

Bakka, Egil: Tilhøvet mellom musikalsk metrum og rørsle i barnesongleik. NFF Julebrev 1995 (Artikkel)

Blom, Jan Petter. Making the music dance: On dance connotations in Norwegian fiddling. I Play it like it is: Fiddle and dance studies from around the North Atlantic, edited by Ian Russell and Mary Anne Alburger, 75-86. Aberdeen: The Elphinstone Institute, University of Aberdeen. 2006.

Bergset, Nils Øyvind. Danseformene i Numedal - levende tradisjon i endring. Musikk og tradisjon : tidsskrift for forskning i folkemusikk og folkedans Musikk og tradisjon : tidsskrift for forskning i folkemusikk og folkedans, 25, 2011, 66-100,

Berkaak, Odd Are: Om "norsk nerk" og "virtuelle selv". Noen refleksjoner omkring kulturarv og formidlingsideologier. Institutt of museum for Antropologi, Universitetet i Oslo.

Haug, Bodil: Tanken om det lokale som rettesnor i folkemusikkforskning? I: Norsk Folkemusikklag skrift 19. 2005.

Larsen, Geir Egil: Ferdaminner frå sommaren 1968. I (Re)Searching the field festschrift in honour of Egil Bakka, Fiskvik & Stranden (red). Bergen: Fagbokforl. 35-44. 2014

Mæland, Siri: Tradisjonsdans som universitetsstudium? I (Re)Searching the field festschrift in honour of Egil Bakka, Fiskvik & Stranden (red). Bergen: Fagbokforl. 2014

Nielsen, Anna-Maria: Folkedans - Et uklart begreb i Riksscene-debatten. I: Norsk Folkemusikklag skrift nr. 20- 2006

Okstad, Kari Margrete: Rørslemønster i Rørspols, Griegakademiet, UIB, 2002

Omholt, Per Åsmund: Tradisjonsområder - Konstruksjon eller realitet? I: Norsk Folkemusikklag skrift nr. 20- 2006

Ranheim, Ingar: Folkedans, disiplinering og nasjonsbygging. Diskursen om dans i Valdres omkring 1905. Hovudoppåve i historie Universitetet i Oslo 1993. Norsk folkemusikklags skrift nr. 8, 1994

Stallvik, Tor:På leiting etter T-trinnet. I (Re)Searching the field festschrift in honour of Egil Bakka, Fiskvik & Stranden (red). Bergen: Fagbokforl.. 45-56. 2014

Stenøien og Laginder: Praktisk-estetisk læringsinteresse – en motkulturell verdi? Nordisk kulturpolitisk tidsskrift Vol 18. 2015

Velure, Magne: Some memories of Egil Bakka`s early career as a field worker and researcher, 1966-1967. I (Re)Searching the field festschrift in honour of Egil Bakka, Fiskvik & Stranden (red). Bergen: Fagbokforl. 19-24. 2014

Vårdal, Dag: Fullført saksbehandling. I (Re)Searching the field festschrift in honour of Egil Bakka, Fiskvik & Stranden (red). Bergen: Fagbokforl. 57-66. 2014

